

Uavgjort mot topplaget.

06.09.2014



Rosendal er formlaget i 6. div avd.1

A-laget til Rosendal Turnlag har verkeleg funne flyten. Sist helg vann dei over laget som er nr. 2 på tabellen Sædalens. Denne helga fulgte dei flott opp då dei spela uavgjort 2 - 2 mot topplaget Søre Neset - Nore Neset på heimebane. Dermed er laget framleis ubeseira etter at Håvard Sætrevik overtok trenaransvaret før haustsesongen.

Det var ein spennande kamp og heimelaget burde vunne, men bortelaget ville det ikkje slik. Dei skora da det kun var få minutt att.

Kampen starta med sterkt Rosendals-press, og etter 6 min var Sindre Omvik gjennom og skora. Etter dette hadde Rosendal fleire store sjansar åleine med keeper. Så endeleg etter 36 min fekk Marius Myklebust ballen inne i 16 meteren. Han finta fint til venstre og med venstrefoten sette han ballen sikkert i mål. Ein fin prestasjon av unge Marius.

Rosendal fekk og annulert eit mål, Ingen forstod grunnen til det .Omgangen ebba ut med 2-0 til Rosendal.

Andre omgang starta som første med Rosendal-overtak, men gjestene tok gradvis over kampen, og midt i omgangen fekk dei løn for arbeidet, og reduserte til 2-1.

Spelet bølga litt att og fram. Bortelaget hadde fleire store sjansar, men Rosendal stod i mot. Så da det gjensto ca 4 minuttar lukkast gjestene med eit skot i krysset etter mykje klabb og babb.

Det var svært nære siger i dag også, men å dele poeng med serieleiaren er svært bra.

Alle Uskedelingane klarte seg svært bra saman med heile laget. Desse var med; Hermund Døssland, Hans Fredrik Zimmer, Dag Rune Myklebust, Marius Myklebust og Sondre Myklebust.

Etter fire kampar på rad utan tap har laget no 18 poeng. Dei ligg framleis på femteplass i 6. divisjon avdeling 1,

men avstanden til dei fire topplaga krympar stadig.

Tekst og foto: Thor Inge Døssland/Ragnvald Myklebust

Nett: Thor Inge Døssland